



Miljøløftet

DAGSORDEN

Styringsgruppa for Miljøløftet

Stad: Teams

Dato: 23. juni 2023

Klokkeslett: 09:00-12:00

Saksbehandlar: Aina Haugstad

Dato: 16. juni 2023

Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

- Sak 62/23 Godkjenning av innkalling og saksliste
- Sak 63/23 Godkjenning av referat frå møtet i styringsgruppa 25.05.2023
- Sak 64/23 Økonomirapportering per 1. tertial 2023
- Sak 65/23 Tilskot til reduserte billettpisar på kollektivtrafikk
- Sak 66/23 Kostnadsgjennomgang av prosjekt på E39 Sykkelsstamveg Bergen, delstrekning 2-5
- Sak 67/23 Kollektivprioritering på innfartsårer
- Sak 68/23 Oppdaterte tal på trafikktryggleik
- Sak 69/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

Saksliste bypakke Bergen

- Sak 70/23 Bypakke Bergen: Oppstart prosjektering byggetrinn 5, bybanen
- Sak 71/23 Bypakke Bergen: Oppdatert analyse av handlingsrom i bypakke Bergen
- Sak 72/23 Eventuelt Bypakke Bergen

Saksliste byvekstavtale Bergensområdet

Sak 62/23 Godkjenning av innkalling og saksliste

Forslag til vedtak: Innkalling og sakliste er godkjend.

Sak 63/23 Godkjenning av referat fra møtet i styringsgruppa 25.05.2023

Vedlegg 1

Forslag til vedtak: Vedlagt referat er godkjent.

Sak 64/23 Økonomirapportering per 1. tertial 2023

Vedlegg 2

Prognosene for prosjekta i byvekstavtalen syner eit samla mindreforbruk på i underkant av 200 millionar kroner ved årsslutt. Mindreforbruket knyt seg i hovudsak til post 66-midlar; belønningsmidlar til kommunane, belønningsmidlar til Skyss, og reduserte billettprisar til kollektivtrafikken. I tillegg viser prognosene eit mindreforbruk på om lag 74 mill. for prosjekta som vert finansiert over post 30 på kommunal og fylkesveg. Prognosene for post 30-midlar på riksveg, viser eit meirforbruk på 26 mill., medan det fylkeskommunale bidraget viser balanse (+ 6 mill.).

Prognosar for inntekter og utgifter i Bypakke Bergen, syner at rekvireringsbehovet i 2023 vil vere om lag 375 mill. lågare enn forventa netto bompengelinntekt. Prognosene for rekvirering av bompengar i 2023 er lågare enn det finansieringsplanen gir rom for.

Det er primært endringar i totalkostnaden på prioriterte prosjekta som gjer at det er naudsynt å drive porteføljestyring på andre tidspunkt enn ved rullering av handlingsprogram. Til 1. tertial er det berre levert prognose på totalkostnad for prosjekta på riksveg som er finansiert av post 30 midlar. Det er behov for ei avklaring kring utlysing av prosjektet Nesttun-Skjold i høve kostnadsauke. Viser til eiga sak for dette (sak 66/23).

Det er ikkje meldt om andre avvik utover det som er handsama i handlingsprogram 24-27.

Resultata har blitt presentert og diskutert i prioriteringsrådet 12. juni 2023. Hovudresultata blir presenterte i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 65/23 Tilskot til reduserte billettprisar på kollektivtrafikk

Vedlegg 3

Saka er ei oppfølging av fleire saker knytt til bruken av midlar på «Post 66 Regjeringens bompengeavtale til reduserte billettpriser på kollektivtrafikk» som har stått på fond (MNOK 53). I sak 6/23 i styringsgruppa 18.01.23, ble det lagt fram forslag om at 16. mill. kronar frå fondet skulle nyttast til reduserte takstar for dei første seks månadene av 2023 («takstfrys»). I Fylkesutvalet 7.juni 2023, PS 148/2023, vart det gjort vedtak om at ytterlegare 16 mill. kronar frå fondet skal nyttast til at denne takstredusjonen held fram ut

2023 (protokoll i vedlegg 3). Der det var attst  ande 37 mill. i fond, blir fondet no redusert til 21 mill.

Saka er lagt fram til orientering i prioriteringsrådet, forslaget til innretning har ikkje vore drøfta.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa sluttar seg til Vestland fylkeskommune sitt framlegg til bruk av «Post 66 regjeringens bompengeavtale til reduserte billettpriser på kollektivtrafikk» for resten av avtaleperioden.

Sak 66/23 Kostnadsgjennomgang av prosjekt på E39 Sykkelstamveg Bergen, delstrekning 2-5

Vedlegg 4

Statens vegvesen har hausten 2022 og vinteren 2023 jobba med å få betre kunnskap om kostnadene for planprosjekta på E39 Sykkelstamveg Bergen. Bakgrunnen for gjennomgangen er den sterke prisveksten dei seinare åra, og at plangrunnlaget for prosjekta no er komen på et slikt nivå at det har vore rasjonelt å gjennomføre kostnadsoverslag etter Anslag-metoden. Gjennomgangen har vist at det er venta auka kostnader i prosjekta.

Saka har blitt behandla i prioriteringsrådet der det blei støtta at saka blir lagt fram for styringsgruppa. Sjølv om det er uheldig at endringane blir lagt fram kort tid etter vedtak av handlingsprogrammet, er det positivt, og i tråd med god porteføljestyring, at saka blir lagt fram for styringsgruppa på dette tidspunktet i prosjektet.

Statens vegvesen presenterer resultata i møtet.

Forslag til vedtak: Statens vegvesen tilrår styringsgruppa å slutte seg til at Statens vegvesen arbeider vidare med konkurransegrunnlaget for prosjektet Sykkelstamveg Bergen, Delstrekning 2, Nesttun-Skjold, med sikte på å lyse ut prosjektet hausten 2023.

Auka kostnad i prosjektet vert handtert gjennom porteføljestyring av dei andre prosjekta i Statens vegvesens portefølje. Parsellen Hop-Fjøsanger på delstrekning 3 vert skyvd ut av byvekstavtaleperioden, med mål om å kunne prioriterast når traséval for E39 Ringveg Aust er avgjort. Prosjektorganisasjonen arbeidar vidare med å identifisere kostnadskutt i planprosjekta skildra i denne saka fram mot rullering av handlingsprogrammet.

Sak 67/23 Kollektivprioritering på innfartsårer

Saka er ei oppfølging av fleire saker. Siste behandling i styringsgruppa var 22.mars 2023, der det står i referatet at «*Statens vegvesen kunne bekrefte at prosjektet «Utredning av kollektivprioritering på innfartsårer i Bergen» blir finansiert av statlege midlar utanom Miljøloftet.*»

Statens vegvesen presenterer status.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 68/23 Oppdaterte tal på trafikktryggleik

Statens vegvesen presenterer utvikling i trafikksikkerheit i Bergensområdet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering

Sak 69/23 Eventuelt byvekstavtale Bergensområdet

Saksliste Bypakke Bergen

Sak 70/23 Bypakke Bergen: Orientering om inngåing av Prosjekteringskontrakt for Bybanen byggetrinn 5

Vedlegg 5

Saka er ei oppfylgjing av medieoppslag og påfølgjande diskusjon i Prioriteringsrådet den 12. juni, der fylkeskommunen vart bedt om å orientera styringsgruppa om inngått prosjekteringskontrakt.

Vestland fylkeskommune orienterer i møtet.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 71/23 Bypakke Bergen: Oppdatert analyse av handlingsrom i bypakke Bergen

Vedlegg 6

Denne saka bygger på sak 57/22 Handlingsrom i Bypakke Bergen 2023-2037, der moglehetsrommet innanfor gjeldande bompengesoppskrift, Prop. 11S (2017-2018) Finansiering av Bypakke Bergen i Hordaland, vart presentert.

I vedlagte notat har inntektsberekingane blitt oppdaterte for dei framtidige bompengelinntektene i Bypakke Bergen. Samanlikna med sak 57/22, er det forventa noko høgare nedbetaling av gjeld i 2023, samstundes som dei langsiktige renteforventningane er nedjusterte. Årlege innkrevjingskostnader er justert ned med 5 mill. kr.

Notatet blir lagt fram til orientering og inneholder ikkje forslag om tiltak. Desse blir det arbeidd vidare med, og vil bli lagt fram for styringsgruppa på eit seinare tidspunkt.

Forslag til vedtak: Styringsgruppa tek saka til orientering.

Sak 72/23 Eventuelt Bypakke Bergen